
Saknr: 2020/43255-1
Saksbehandlar: Åse Kittang

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		14.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Namnendring hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Forslag til innstilling

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon endrar namn til hovudutval for næring.

Samandrag

På møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon den 13.02.20 vart det gjort framlegg om å forenkle namnet på hovudutvalet frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon til *hovudutval for næring*. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon slutta seg samrøystes til vidare prosess kring namnendring. Utvalsleiar Tor Andre Ljosland tok kontakt med fylkesordførar og ba om at ei namneendring vert initiert og satt i prosess.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør for organisasjon og
økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon den 13.02.20 vart det gjort framlegg om å endre namnet på hovudutvalet frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon til *hovudutval for næring*. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon slutta seg samrøystes til vidare prosess kring namnendring. Utvalsleiar Tor Andre Ljosland tok kontakt med fylkesordførar og ba om at ei namneendring vert initiert og satt i prosess.

I samband med samanslåinga av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vart strukturen for faste politiske hovudutval i Vestland fylkeskommune førebudd av fellesnemnda i tråd med inndelingslova § 26. Fellesnemnda gav fellesnemnda sitt arbeidsutvalet den 18.12.17 i PS 06/17 mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar. Den organisatoriske strukturen vart handsama i fellesnemnda sitt arbeidsutval den 15.06.18 og i fellesnemnda den 22.06.18.

Fellesnemnda vedtok i PS 22/18 følgjande struktur for faste politiske hovudutval i Vestland fylkeskommune:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet.

Hovudutval for opplæring og kompetanse.

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

I det konstituerande møte i Vestland fylkesting 15. oktober 2019 vart PS 2/19 Reglement for folkevalde organ og delegering samrøystes vedteke. Reglementet for folkevalde organ og delegering er eit resultat basert på dei vurderingar og tilrådingar som har vore gjort av fellesnemnda sitt arbeidsutval og fellesnemnda. Fellesnemnda sitt vedtak i PS 22/18 kor hovudutvala vart namngitt er lagt til grunn i reglementet som vart fatta av Vestland fylkesting.

Fylkestinget har vedtaksmynde til å gjere endringar i reglementet, jf. Reglement for folkevalde organ og delegering. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er nokon hindre for å gjere namnendringa og rår til at namnet hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vert endra til *hovudutval for næring*.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon endrar namn til hovudutval for næring.